



Molde kommune  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

## **Molde kommune**

### **Kommunedelplan for Hjelset 2016 - 2026**

#### **Fråsegn til offentlig ettersyn - motsegn**

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 04.07.2016, der kommunedelplan Hjelset blir lagt ut til offentlig ettersyn, etter vedtak i Plan- og utviklingsutvalget den 21.06.2016, sak 38/16. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

#### **KONSEKVENSGREIINGA**

I følgje KU-forskrifta skal alle nye utbyggingsområde konsekvensutgreiast.

Dei tema nye utbyggingsområde er vurdert ut frå, gir eit godt vurderingsgrunnlag for dei nasjonale interessene som Fylkesmannen skal følgje opp.

Områda S1 (sentrum) og O1 (tenesteyting) manglar slik utgreiing, men er til ei viss grad omtalt i planomtalen. Kommunen bør gjere ei konsekvensutgreiing også for desse areala.

#### **PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER**

##### **Natur- og miljøvern**

##### *Motsegn*

##### Naust

Kommunen har i planforslaget føresegner om naust i §§ 13.6 og 13.7, som er likelydande med gjeldande kommuneplan 2009-2020 for området. Føresegnene sett mellom anna krav om at totalt bruksareal ikkje skal overstige 50 m<sup>2</sup>.

Vi viser til Fylkesmannen sine naustråd tilsendt kommunane den 11.12.2015 der vi har fokus på tilhøve som mellom anna kan vere viktige for å sikre at naust vert nytta som uthus, ikkje som fritidsbustad. Vi ber Molde kommune grunngje kvifor det skal vere høve til naust på 50 m<sup>2</sup> i kommunedelplanen. Vurderingstema som er gitt andre kommunar som ønskjer større naust enn 40 m<sup>2</sup> er:


- Kor mykje tilgjengeleg strandsone er att i området
- Utbyggingspress i strandsona
- Bur det mange i området som bør ha tilgang til strandsona (ålmenta). Her bør både eksisterande og nye bustadområde leggest til grunn.
- Landskapsomsyn
- Tidlegare praksis/tradisjon i området

Vi viser ellers til den avklaringa som har vore mellom kommunen og Fylkesmannen i planprosessen for kommuneplan del 1, der kommunen i avklaringar av motsegn har sett plankrav om BYA 40 m<sup>2</sup> for naust, med høve til 50 m<sup>2</sup> for naust på gardsbruk.


Fylkesmannen har **motsegn** til generell nauststorleik > 40 m<sup>2</sup>.

### Støy

Sjablong utarbeidd av Statens vegvesen dannar grunnlaget for den kjennskapen vi har til støy for E39 og fv. 62 gjennom området. I planforslaget er ikkje omsynssone støy i kommuneplankartet (figur 1) samanfallande med støysjablong utarbeidd av Statens vegvesen (figur 2). Omsynssone støy må justerast slik at desse er samanfallande.



Figur 1: Omsynssone støy (trafikkstøysone langs vegen) i kommunedelplan Hjelset



Figur 2: Sjablong utarbeidd av Statens vegvesen

I tillegg viser vi til T-1442/12 pkt. 2.5 som legg føringar for kva større støykjelder som bør inngå i omsynssone støy. Kommunen har lagt inn omsynssone støy kring vegane som går gjennom planområdet. Det må i tillegg settast av omsynssone støy (H210 og H220) kring

skytebane i området. Alle større kjende støykjelder skal gå fram av omsynssone støy dersom slik omsynssone skal ha tiltenkt nyttefunksjon.

Elles vil vi nemne at i retningslinje med oppstilling av støyfølsam busetnad manglar fritidsbustad. Ei slik oppstilling bør vere likelydande med den i T-1442/12.

Vi minner om at støy er eit miljøproblem som rammar svært mange menneske i Norge. Om lag 1,7 millionar nordmenn er utsett for eit gjennomsnittleg støynivå over 50 dB ved eigen bustad, og kring ein halv million er i stor grad plaga av støy. Støy medverkar til redusert velvære, og påverkar difor folk sin oppførsel og helsetilstand. Samferdselsektoren står for nesten 90 prosent av dei registrerte plagene, og vegtrafikken åleine for nærare 80 prosent.

*Handlingsplan mot støy 2007-2011, oppdatering ut 2015* har satt følgjande nasjonale mål for å imøtekoma denne utfordringa:

- Støyplagene skal reduserast med 10 prosent innan 2020 i høve 1999
- Tal personar utsatt for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 prosent innan 2020 i høve 2005.

I tillegg til å sette i verk nasjonale tiltak som reduserer støyen ved kjelda, er det svært viktig å legge til rette for ei langsiktig arealdisponering som førebyggje støyproblem. Førebygging gjennom riktig arealbruk er antakeleg det mest kostnadseffektive tiltaket mot støy.

Kommunedelplan Hjelset sine føresegner om støy må sikre at retningsline T-1442/12 med gitte grenseverdiar skal gjelde for planområdet. Døme på tekst kan vere:  
*«Miljøverndepartementets retningslinjer for støy i arealplanlegging T-1442/12, med gitte støygrenseverdiar, skal legges til grunn for planleggingen og tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1».*

Føresegnene til kommunedelplanen § 15.4 bokstav b og c slår fast at det kan byggast i gul støysone sett at busetnaden har stille side og tilgang til eigna uteplass med tilfredstillande støynivå, samt at det kan vurderast nye bustader i raud støysone i sentrale områder og andre fortettingsområder langs kollektivtrase med støynivå inntil 70 Db ved fasade, gitt at visse krav blir innfridd. § 15.4 er ikkje eintydig, og opnar for avvik frå støygrensene i T-1442/12.

Vårt utgangspunkt er at kunnskapsbasert og langsiktig arealplanlegging langt på veg kan hindre konflikt mellom støyfølsam busetnad og større støykjelder. Hjelset er i dag eit relativt lite utbygd område, men vi kan ikkje sjå bort frå at området i åra framover vil få auka utbyggingspress som følge av sjukehusetableringa. T-1442/12 er nasjonale føringar inn i slik arealplanlegging.

Hovudregelen i T-1442/12 seier at det ikkje skal byggast støyfølsam busetnad i raud støysone, medan gul støysone er ei vurderingssone. Det er gitt støygrenser for uteoppfallsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsamt bruksformål. Ved område- og detaljregulering kan ein søkje finne gode løysingar med utgangspunkt i den konkrete situasjonen for byggetiltaket. Det er eit vidt spenn i kva støytiltak som kan vere aktuelt, og

difor blir det lite fleksibelt å ha føresegner i kommunedelplanen som snevrar inn kva krav som skal gjelde for tiltaket i støysona.

Vår vurdering er at kommunedelplan Hjelset sine føresegner om støy må sikre at retningslinje T-1442/12 med støygrenser gitt i tabell 3 skal gjelde for planområdet. Ytterligere konkretisering av kva støytiltak som skal gjelde for det einstilte byggetiltak må avklarast ved regulering. Vi har **motsegn** til føresegnene § 15.4 slik dei er forma.

### *Fagelege råd*

#### Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Dei statlege planretningslinjene held fram at planlegging av arealbruk og transportsystem skal «*fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling*». Det er eit «*mål å redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange*». Område O3 er sett av til oppføring av nytt sjukehus, noko som vil gi ei stor auke i trafikken av tilsette, pasientar og besøkande til og frå området. Kommunen bør sikre at det blir sett av tilstrekkeleg med areal til vegløyning, slik at kollektiv transport blir eit eigna og dermed eit meir naturleg val av transportmiddel for dei fleste.

#### Barn og unge

Etter vår vurdering er planføresegnene § 16 eit godt grunnlag for at barn og unge sine interesser skal kunne følgast opp i vidare planlegging.

Kommunen bør vurdere om føresegnene skal sikre opparbeiding av leikeplass før første bueining blir tatt i bruk.

#### B1 – bustadområde

Nærleik til Istadvegen gjer at deler av B1 ligg i raud og gul støysona. Ei løysing kan vere at utbyggingsområde B1 blir redusert nærast vegen i kommunedelplanen. Alternativet er å handtere støyutfordringane ved seinare regulering av området.

#### A6 – Massedeponi

Like nord for A6 renn Opdølselva, der øvre del av dette vassdraget, også kalla Skallelva, har observasjonar av elvemusling (registrert 2013). Vi kan ikkje sjå at massedeponi A6 vil kome i konflikt med lokaliteten som ligg relativt langt unna og oppstrøms. Det er registrert naturtype viktig flaummarksskog bestående av gråor-heggeskog nord for A6 (2013).

Det ligg ikkje krav til regulering av A6, og føresegnene har ikkje stilt krav til kva massar som skal lagrast, høgde på fylling oa. Det bør gå fram av føresegnene at berre reine massar skal deponerast på arealet. Det bør også sikrast ei brei nok vegetasjonssone som kan bidra til å hindre avrenning av finpartiklar til vassdraget. I tillegg kan ei tilstrekkeleg kantsone hindre at fyllmassar ved uhell blir fylt i elva/for nær elva. Vi rår til at slik sone

blir 20 m eller meir. Ein bør vurdere om det er naudsynt med tryggingstiltak for massedeponiet.

#### Føresegn - Uteopphaldsareal

Vi viser til føresegn § 19.1 som gjeld uteopphaldsareal. Kommunen bør sette krav til minimum uteopphaldsareal for nye bustadområder, jamfør føresegn § 19.1. Døme kan vere å sette av 50 m<sup>2</sup> per bueining til leikeareal og andre friområde.

#### **Landbruk**

Fylkesmannen er veldig godt nøgd med at Molde kommune har prioritert jordvernet i kommunedelplanen, der dei aller fleste innspela er avvist med omsyn til vern av matproduserande areal. Det viser at kommunen har teke nasjonale føringar til etterretning der landbruksareal skal brukast til matproduksjon. Vi vil også gi kommunen ros for å ha vektlagt dyrkbar jord med same verdi som dyrka jord.

#### Faglege råd

I planområdet er det fleire større, samanhengande landbruksområde som er av både lokal og regional verdi. Fylkesmannen etterspør ei landbruksfagleg vurdering frå kommunen på område som kunne ha fått enda sterkare føringar for å hindre framtidig omdisponering av matjord, ved at dei vert vist som *omssynssone landbruk* i plankartet med påfølgjande føresegner og retningslinjer. Dette ville gitt landbruksnæringa enda sikrere rammevilkår og ei meir langsiktig arealforvaltning.

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen har motsegn til følgande moment i kommunedelplan Hjelset:

- Støykrav i føresegnene
- Nauststorleik

Vi ber elles om at våre faglege råd blir tatt omsyn til.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Sveinung Dimmen  
samordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

#### **Fagsaksbehandlar**

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

#### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde